

Oversikt – søknader om skjønsmidler 2015 med forslag til prioritering.

Sats-omr.	Prosjekt	Mål	Søknads-sum	Totalsum/ Eigeninnsats	Prosjekt ansvar	Kommunar
2	Helsehus – fase 2	<p>Interkommunalt samarbeid for utvikling av framtidretta og gode helse- og omsorgstenester i Nordhordland.</p> <p>Delmål:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vurdere og konkretisere interkommunalt samarbeid om tverrfagleg døgnbasert rehabilitering i Helsehuset. 2. Utvikling av psykisk helse i Nordhordland. Vurdere og konkretisere samarbeid om ambulant psykisk helsetilbod 3. Styrking av tilbod til barn og unge. Avklare, planlegge og konkretisere interkommunalt samarbeid om barn og unge for å styrke systematisk innsats på tvers av nivåa. <p>Lowverk med sentrale føringar, samt kartleggingar og vurderingar av utfordringsbilete og utviklingstrekk i Region Nordhordland er lagt til grunn for vidare vurdering og konkretisering av interkommunalt samarbeid innan rehabilitering, psykisk helse og rus, samt innsats retta mot barn og unge.</p> <p>Hovud- og delmål vil bidra til at Helsehuset kan representera eit fagleg løft for heile regionen, og danne grunnlag for eit tettare og meir forpliktande samspel mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Dette gjeld både i høve pasientbehandling, men og i høve eit folkehelseperspektiv.</p> <p>Det er eit mål å utvikle tenestemodellar som sikrar ei effektiv utnytting av dei ressursar som er til rådvelde, og at Helsehuset vert ein viktig kompetansearena i området, og ein arena for samutvikling av helsetenestene i Nordhordland.</p> <p>For å nå desse måla vil det vere behov for ressursar til:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Prosjektleiing og koordinering ▪ Planlegging og gjennomføring av møte, kurs og felles fagdagar ▪ Innhenting av erfaringskunnskap og grunnlagsdata ▪ Informasjonsarbeid 	800 000	Faglege og administrative ressursar frå kommunar og helseføretak.	NUI	Alle
0	Kommunereform	<p>Hovudmålsettinga med prosjektet er at regionen skal ha ein kommunestruktur i Nordhordland som sikrar at kommunane kan ivareta sine funksjonar på ein best mogeleg måte innafor sine roller som:</p>	800 000	668 000	NUI	Alle

Sats-omr.	Prosjekt	Mål	Søknads-sum	Totalsum/ Eigeninnsats	Prosjekt ansvar	Kommunar
		<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tenesteprodusent ▪ Samfunnsutviklar ▪ Lokaldemokratiforvaltar <p>Diverse informasjon: Status for kommunane i regionen er at alle kommunane ønskjer få vurdert om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunane. Eit alternativ vil vere ein stor kommune i Nordhordland. I tillegg kan det vere aktuelt for dei einskilde kommunane å vurdere andre alternativ. Sjølv om Osterøy ikkje vil vere med i Nordhordlandsalternativet kan dei ha nytte av å ha innsikt i dei prosessane som er i regionen. For å sikre naudsynt framdrift i prosjektet vil ein tilsett ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS bruke om lag 60 % av arbeidstida på dette prosjektet. Erfaringa frå 2014 er at det må vere nokon som har dette som hovudarbeidsområde dersom ein skal klare å få dratt prosjektet vidare. Samstundes er det viktig å understreke at det er politikarane som må styre prosjektet og gjere dei naudsynte vala undervegs.</p>				
5	Ta vare på matjorda	<p>Korleis nytta massar frå utbygging som ressurs til nytte for landbruk og samfunn på ein måte som førebygg konflikhtar med innbyggjarane og miljøet</p> <p>Mål:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Rettleiar for massehandtering knytt til offentleg rettsleg handsaming ▪ Auka kompetanse hjå grunneigarar, bønder, entrepenørar og kommunale sakshandsamarar i regionen. <p>Det har vore gjennomført eit forprosjektet – Ta vare på matjorda - i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland og kommunane i Nordhordland. Bakgrunn for dette er store utbyggingar til næring og bustadbygging i Nordhordland som gjev store overskot av jord- og steinmassar som må handterast. Framover er det store utfordringar knytt til utbygging i Mongstadområdet og sørover. Kommunane har hatt ulike tilnærmingar for løyse dette, og det manglar ein felles forvaltningspraksis for å handsama dette på ein samfunnsgagnleg måte. Prosjektet har kome inn som tiltak 5,12 i handlingsprogram for Klimaplan – Hordaland fylkeskommune 2015. Fylkesmannen har oppmoda kommunane i Nordhordland til å søkja skjønnsmidlar til eit hovudprosjekt.</p>	300 000	450 000	NUI	NUI / Regionrådet Alle kommunane
1	Forprosjekt for å avhjelpa barnefattigdom	I utgangspunktet arbeidde administrasjonen med eit fullskala prosjekt innan barnefattigdom. Undervegs i prosessen er det blitt tydeleg at ein ikkje har stor nok kommunal eigenfinansiering på noverande tidspunkt til eit slikt prosjekt. Samstundes er det klart at ein treng lengre tid for å rigge prosjektet med rette tiltak og tilhøyrande finansiering. Ein har difor valt å gå vidare med eit forprosjekt.	100 000	100 000	Osterøy	Osterøy

Sats-omr.	Prosjekt	Mål	Søknads-sum	Totalsum/ Eigeninnsats	Prosjekt ansvar	Kommunar
		<p>Over tid har ein i Osterøy sett at det er:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Ei auke i vedtak i stønad til dekking av fritidsaktivitetar, utstyr og skuleturar for barn og unge. ▪ Ei sterk auke i forhold til gjeldssaker som kan resultera i tvangssal om ikkje det offentlege hadde gripe inn. ▪ Ei sterk auke i inkassosaker i Osterøy kommune, der me toppar lista over inkassosaker i Hordaland, jmf. SSB. <p>Ein ønsker å utvikla eit prosjekt som motverkar konsekvensane av barnefattigdom, utan at det er stigmatiserande for fattige barn. Ein ønsker å utvikla tiltak som aukar barns deltaking og aktivitet, og over tid hindra at fattigdom går i «arv» frå foreldre til barna deira. Konkrete tiltak ein ynskjer å utvikle er blant anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Tiltak som bidreg til å sikra barneperspektivet på Nav-kontoret ▪ Utvikling av heilskapelege oppfølgingsprogram for låginntektsfamiliar ▪ Utstyrsbank, ferie- og aktivitetstilbod til barn og familiane deira i skuleferiane som ein integrert del av den heilskapelege oppfølginga. ▪ Tiltak som bidreg til overgang til opplæring, arbeid og aktivitet for ungdom opp til 25 år som ikkje er under utdanning eller i arbeid ▪ Utvikling og forankring av ein kommunal handlingsplan for å førebyggje og redusere fattigdom og sosial eksklusjon blant barn, unge og barnefamiljar. 				
2	Kartlegging av friluftsområde i Radøy, Austrheim og Meland kommunar	<p>Konkrete mål med prosjektet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Å få betre oversikt over areal for friluftsliv i kommunane, med vekt på kvardagsfriluftslivet. ▪ Verdisetja areal for friluftsliv i kommunane. ▪ Identifisera aktuelle areal for sikring til friluftslivsmål <p>Dette skal vidare vera grunnlag for:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Betre kommunal forvaltning av friluftsområda i kommunane. ▪ Vidareutvikling av friluftsområda i kommunane. - Auka kjennskap til og medvit om friluftsområda i kommunane. ▪ Sikring av viktige friluftsområde for framtida. <p>Kartlegging og verdisetting av friluftslivsområder ei fagleg basert kartlegging og verdisetjing av areal for friluftsområde i kommunane basert Miljøverndirektoratet sin rettleiar Kartlegging og verdisetting av friluftsområder (M98-2013). Prosjektet skal resultera i eit kart med oversyn over friluftsområda og tilhøyrande dokument der områda er skildra og verdiset. Kartlegginga skal leggjast ut i Naturbase. Hordaland fylkeskommune er prosjektkoordinator på vegne av alle kommunane i fylket som</p>	180 000	175 500	Radøy	Austrheim Meland Radøy

Sats-omr.	Prosjekt	Mål	Søknads-sum	Totalsum/ Eigeninnsats	Prosjekt ansvar	Kommunar
		deltek. Det vil vera ein prosjektleiar i kommunane som anten er tilsett i kommunen eller frå Bergen og omland friluftsråd. Det vil i tillegg vera ei arbeidsgruppe i kvar kommune. Skular, barnehagar, grendalag og andre lokale ressurspersonar vil verta trekte inn i arbeidet med kartlegginga. Det vil vera eit tett samarbeid mellom kommunane, både når det gjeld erfaringsutveksling, kompetanseheving og samarbeid om ein del av oppgåvene.				
3	By- og tettstadutvikling Flatøy	<p>Mål for planarbeidet på Flatøy</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Utvikle eit samfunn med gangavstandar til dei daglege behov. ▪ Leggje til rette for næringsareal i planområdet og slik at flest mogleg kan bu og arbeide på same stad. ▪ Leggje til rette for at delar av strandsona kan nyttast til sjøtilknytt nærings- og aktivitetstilbod ▪ Leggje til rette for å utvikla Midtmarka til eit klima- og energieffektivt bustad- og næringsområde ▪ Utvikle betre tilgjenge for friluftslivet på Flatøy og Håøya ▪ Utbetre det lokale vegsystemet på Flatøy, leggje betre til rette for fotgjengarar og syklistar og kople det til E39 og eit overordna gang- og sykkelvegnett. ▪ Utvikle eit område med miljøvennlege løysingar for transport, energi og avfallshandsaming. ▪ Leggje til rette for eit nærsenter med eit avgrensa handelstilbod, private og offentlege tenestetilbod. ▪ Styrka og vidareutvikla regionsenteret Knarvik, og leggja til rette for ei utvikling av aksen Frekhaug – Flatøy – Knarvik. 				
3	By- og tettstadutvikling Strandpromenade Åråsfeltet – Daaebua	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Å knyte Austrheim kommunesentrum tettare saman. ▪ Å leggje betre til rette for at fleire går og sykklar når dei skal frå A til B, slik at kommunesentrum vert mindre bilbasert. ▪ Å gjere det meir attraktivt å gå og sykle for rekreasjon og mosjon i kommunesentrum, og såleis fremje folkehelse og trivsel. ▪ Trafikksikring. <p>Kystlandsbyen, inkludert avstikkar til Mastrevik Torg. Tiltaket vil forkorte avstanden frå Åråsfeltet til Kystlandsbyen, og såleis gjere det meir attraktivt å gå og sykle. Promenaden vil vere ein del av kulturaksen i kommunesentrum frå Kunsthuset via båtsamlinga i Daaebua til Kystlandsbyen, også med kulturelt innhald. Ein del av promenaden er lagt inn i reguleringsplan for Kystlandsbyen. Promenaden vert nyskapande ved å bolte fast delar av traseen i berg. Det vert søkt om skjønnsmidlar til dette som eit fornyings- og innovasjonsprosjekt i kategorien by- og tettstadutvikling.</p>	520 000	1 000 000	Austrheim	Austrheim

Sats-omr.	Prosjekt	Mål	Søknads-sum	Totalsum/ Eigeninnsats	Prosjekt ansvar	Kommunar
3	Områdeplan Knarvik, delprosjekt gatebruksplan og lysplan.	Lindås kommune har i fleire år arbeidd med utviklinga av regionsenteret Knarvik. Føremålet med det pågåande planarbeidet er å leggje til rette for ei trinnvis transformasjon og omforming av Knarvik sentrum til eit regionsenter som har framtidretta og utbane løysingar med høg arkitektonisk kvalitet. Ei bymessig utvikling skal og leia til ein levande by som inviterer til bruk av byrom, og som tilbyr eit mangfald av kvalitetar for alle. Ein gatebruksplan og lysplan for gater og byrom i Knarvik sentrum skal bidra til å oppnå den overordna målsettinga for regionsenteret.	442 000		Lindås	
3	Områdeplan Knarvik, delprosjekt miljøfagleg utgreiing.	Lindås kommune har i fleire år arbeidd med utviklinga av regionsenteret Knarvik. Føremålet med det pågåande planarbeidet er å leggje til rette for ei trinnvis transformasjon og omforming av Knarvik sentrum til eit regionsenter som har framtidretta og utbane løysingar med høg arkitektonisk kvalitet. Ei bymessig utvikling skal og leia til ein levande by som inviterer til bruk av byrom, og som tilbyr eit mangfald av kvalitetar for alle. Eit delprosjekt som skal gjennomførast for å nå den overordna målsettinga, er omlegging av Lonsvassdraget. Vatn er eit viktig element i det nye byrommet. Det skal gjennomførast ei miljøfagleg utgreiing før omlegginga kan gjennomførast.	216 000		Lindås	
5	Klimaservice i Hordaland	Søkt om 1 500 000. Søknaden er vanskeleg å ta stilling til i Regionrådet. Søknaden er positiv og viktig, men då den omfattar andre kommunar i Hordaland utanfor vår region, fylkeskommunen og forskingsmiljø er det vanskeleg for Regionrådet å handsama denne i samanheng med søknadar frå regionen. FMHO må derfor vurdere søknaden i ein større samanheng.	1 500 000		Osterøy	Kvam Kvinnherad Bergen